



ØVRE TELEMARJORDSKIFTERETT

Dok 57

Fylkesmannen i Telemark
v/Johan Aas
Postboks 2603
3702 Skien

Fylkesmannen i Telemark		
- 2 DES. 2016		
S NR 16/232	DOK	BEH
ARK	KOPI	

Vår referanse
16-032998RFA-JKVI

Dato
30.11.2016

Forkynning av rettsbok i sak 16-032998RFA-JKVI Brårfjell naturreservat

Sak 16-032998RFA-JKVI Brårfjell naturreservat ved Øvre Telemark jordskifterett blei slutta 30.11.16. Rettsbok med dom og jordskifteavgjerd ligg ved og blir rekna som forkynt 07.12.2016.

Ankefristen er **ein måned** rekna frå forkynningsdatoen. Vi viser til vedlagte orientering om anke. Dersom du har motteke denne forkynninga seinare enn 07.12.2016, og ønskjer å gjere det gjeldande, må du straks melde frå til jordskifteretten. Du må opplyse om årsaka til at brevet er seint motteke.

Du må stadfeste at du har fått dokumentet ved å underteikne og returnere mottakskvitteringa i vedlagte frankerte konvolutt **snarast**.

Dersom du skal betale sakskostnader til jordskifteretten, vil du få tilsendt faktura frå Domstoladministrasjonen.

Med helsing
Øvre Telemark jordskifterett


Aud Eli Undheim
fyrstekonsulent

Vedlegg
- rettsbok med dom og jordskifteavgjerd
- kart
- mottakskvittering
- orientering om anke

Postadresse
Statens Hus, 3850 Kviteseid

Besøksadresse
Statens Hus, Kviteseid

E-post/Internet
ovre.telemark.jordskifterett@domstol.no
<http://www.domstol.no/jkvi>

Organisasjonsnummer
974731525
Telefon
21553310

Mottakskvitteringa skal sendast attende til:

Øvre Telemark jordskifterett
Statens Hus, 3850 Kviteseid

Mottakskvittering
Sak 16-032998RFA-JKVI Brårfjell naturreservat

Eg stadfestar å ha motteke følgjande dokument
- forkyning av rettsbok med dom og jordskifteavgjerd
- rettsbok med dom og jordskifteavgjerd
- kart
- mottakskvittering
- orientering om anke

Dato

Underskrift
Fylkesmannen i Telemark

Fyll ut manglande opplysningar nedanfor:

Adresse:	v/Johan Aas Postboks 2603 3702 Skien
Telefon mobil:	
Alternativ telefon:	
E-post:	

Dokumentet blir rekna som forkynt 07.12.2016. Du må stadfeste at du har fått dokumentet vet ved å underteikne og returnere mottakskvitteringa i vedlagde frankerte konvolutt **snarast og seinast innan 5 dagar**.



ORIENTERING OM ANKE

Overprøving av avgjerdene frå jordskifteretten

Avgjerdene i jordskifteretten kan ankast til lagmannsretten. Nedanfor gir vi ei kort orientering om ankereglane.

Ankefrist

Ankefristen er ein månad og blir rekna frå dagen du får saka forkynt.

Kva for reglar gjeld, og kva må anken innehalde?

Reglane for anke er ulike avhengig av kva for avgjerd du vil anke.

Dom, orskurd og vedtak

For desse avgjerdene gjeld reglane i tvistelova kapittel 29. I følgje § 29-9 skal anken innehalde

- *ankedomstolen*
- *navn og adresse på parter, stedfortredere og prosessfullmektiger*
- *den avgjørelse som ankes*
- *om anken gjelder hele avgjørelsen eller bare bestemte deler av den*
- *det krav ankesaken gjelder, og en påstand som angir det resultat den ankende part krever*
- *de feil som gjøres gjeldende ved den avgjørelse som ankes*
- *den faktiske og rettslige begrunnelse for at det foreligger feil*
- *de bevis som vil bli ført*
- *grunnlaget for at retten kan behandle anken dersom det kan være tvil om dette*
- *den ankende parts syn på den videre behandling av anken*

Jordskifteavgjerd og nokre skjønn

Om du vil anke ei jordskifteavgjerd, gjeld reglane i jordskiftelova kapittel 8. Desse reglane gjeld og om jordskifteretten har halde skjønn som del av ei jordskiftesak i medhald av jordskiftelova §§ 5-1 til 5-3. I følgje jordskiftelova § 8-5 skal anken i slike saker innehalde

- *namnet på ankedomstolen*
- *saksnummer og kva avgjerd anken gjeld*
- *om anken gjeld heile avgjerda eller berre visse delar av henne*
- *ankegrunnane, der det skal stå kvifor ein ankar og kva ein vil med anken*

Når anken gjeld jordskifteavgjerd, blir som hovudregel alle som var partar i jordskiftesaka med som partar i ankesaka.

Skjønn eller andre avgjerder som jordskifteretten har behandla som eiga sak

Om du vil at lagmannsretten skal overprøve skjønn eller andre avgjerder som jordskifteretten har behandla som eiga sak (jf. jordskiftelova §§ 5-4 til 5-6), kan du krevje overskjønn. Då er det skjønnsprosesslova som gjeld. I følgje § 33 må eit krav om overskjønn innehalde

- *den rett overskjønnet hører under, partene i overskjønnssaken og i tilfelle deres lovlige stedfortredere*
- *det underskjønn som kreves overprøvd*
- *om det er hele underskjønnets avgjørelse eller bare deler av den som kreves overprøvd*
- *de feil ved avgjørelsen som begjæringen om overskjønn grunnes på*
- *de omstendigheter som er avgjørende for retten til å kreve overskjønn*

Verdigrense ved anke over dom og ved krav om overskjønn

Som hovudregel kan lagmannsretten ikkje behandle anke over dom som gjeld verdiar mindre enn kr 125 000 (jf. tvistelova § 29-13). Om det kan vere tvil, bør du forklare kvifor ankegjensstanden er verdt meir, eventuelt kvifor lagmannsretten likevel bør behandle anken. Verdigransen gjeld også for overskjønn (jf. skjønnsprosesslova § 32).

Rettsforlik

Rettsforlik er ikkje ei avgjerd teken av jordskifteretten og kan heller ikkje ankast. Om du meiner eit rettsforlik må gjerast om, må du gå til søksmål for tingretten for å få forliket oppheva (jf. tvistelova § 19-12).

Kostnader

For anke til lagmannsretten må du betale eit gebyr på 24 gonger rettsgebyret. For tida er rettsgebyret kr 1025, slik at gebyret blir kr 24600 (jf. rettsgebyrlova § 8). Tek behandlinga i lagmannsretten meir enn ein dag, er gebyret for dei neste fire dagane tre gonger rettsgebyret. Deretter er gebyret 4 gonger rettsgebyret per dag. I tillegg til gebyret kjem utgifter lagmannsretten har til mellom anna meddommarar.

For overskjønn er gebyret fem gonger rettsgebyret slik at gebyret blir kr 5125 for hver dag eller del av dag som skjønnet varer (jf. rettsgebyrlova § 11). I tillegg kjem utgifter til mellom anna skjønnsmedlemer.

Om anken eller kravet om overskjønn vert trekt før det første rettsmøtet, er det reglar for reduksjon av gebyra.

Lagmannsretten kan krevje forskot på kostnadene.

Kvar anken skal sendast

Anken stilar du til lagmannsretten, men ho skal sendast til jordskifteretten.

Meir informasjon

Om du har spørsmål om ankereglane eller anna, vil dei tilsette ved jordskifteretten kunne svare deg.



ØVRE TELEMARK JORDSKIFTERETT

16-032998RFA-JKVI Brårfjell naturreservat

Saka gjeld: Merking og innmåling av Brårfjell naturreservat

Avslutta dato: 30.11.2016

Gnr. 60, 62, 65 i Fyresdal



ØVRE TELEMARK JORDSKIFTERETT

RETTSBOK

Møtedag: 22.06.2016

Stad: Kommunestyresalen i Fyresdal

Sak: 16-032998RFA-JKVI Brårfjell naturreservat

Kravet gjeld: Merking og innmåling av Brårfjell naturreservat

Jordskiftedommar: jordskiftedommar Gunnar Bjerke Osen

Ingeniør: Bjørgulf Ruud

Saka er kravd av: Fylkesmannen i Telemark

Til behandling: Oppstart og planlegging av gjennomføring av saka.

Partar

Part	Kommune	Gnr.	Bnr.	Fnr.	Snr.
Halvor Graver	Fyresdal (0831)	60	1		
Sigurd Mjaaland	Fyresdal (0831)	62	4, 5		
Gunleik Metveit	Fyresdal (0831)	65	1, 2		
Ingebrett Gaaren	Fyresdal (0831)	65	4		
Fylkesmannen i Telemark					

Til stades

Ingebrett Gaaren, Halvor Graver, Arild Metveit, Sigurd Mjaaland og Johan Aas frå Fylkesmannen i Telemark

Jordskiftedommaren orienterte om habilitetsreglane i domstollova §§ 106-108. Ingen hadde merknader.

Jordskiftedommaren viste til kravet om jordskifte og orienterte om vilkåra for å gjennomføra rettsendrande sak. Det vart særleg nemnt at jordskifteretten har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at vilkåra er oppfylte.

Johan Aas frå Fylkesmannen i Telemark forklarte seg om bakgrunnen for kravet og kva som bør gjennomførast. Retten har fått tilsendt feil sosi-fil for vernegrensa. Fylkesmannen sender rett fil.

Arild Metveit la fram fullmakt frå Gunleik Metveit.

Dei andre partane fikk deretter ordet for å seie si meining om kravet.

Jordskifteretten gjorde slik

jordskifteavgjerd

Når jordskifteretten skal ta avgjerd om sakleg og geografisk avgrensing av saka, jf. jskl. § 6-9, skal det nyttast jordskifteavgjerd, jskl. § 6-23.

Partane har i rettsmøtet hatt høve til å forklare seg om kravet. Ingen av partane protesterte mot at saka vert gjennomført. Jordskifteretten har i jskl. § 4-2 a heimel til å fastsetje eigedomsgrenser og i § 4-2 f) heimel til å fastsetje grenser for verneområde. Slik saka står no, meiner jordskifteretten at vilkåra for å gjennomføre saka er oppfylte.

Geografisk er saka avgrensa til å gjelde eigedomsgrenser og vernegrenser for Brårfjell naturreservat slik det er innteikna på vedlagt kart til kravet.

Slutning:

Retten tek krav om grensegang for Brårfjell naturreservat opp til handsaming..

Det blir gjennomført synfaring med partane torsdag 30.06.2016 kl. 0800. Oppmøte der traktorvegen opp til verneområdet startar.

På spørsmål hadde ingen merknader til forhandlingane.

Retten heva.

Fyresdal, 22.06.2016



Gunnar Bjerke Osen



ØVRE TELEMARJORDSKIFTERETT

DOM

Dato: 21.11.2016

Stad: Jordskifterettens kontor i Statens hus i Kviteseid

Sak: 16-032998RFA-JKVI Brårfjell naturreservat

Saka gjeld: Merking og innmåling av Brårfjell naturreservat

Jordskiftedommar: jordskiftedommar Gunnar Bjerke Osen

Partar	Prosessfullmektigar	Kommune	Gnr.	Bnr.
Halvor Graver		Fyresdal (0831)	60	1
Sigurd Mjaaland		Fyresdal (0831)	62	4, 5
Gunleik Metveit		Fyresdal (0831)	65	1, 2
Ingebrett Gaaren		Fyresdal (0831)	65	4
Fylkesmannen i Telemark				

Denne dommen gjeld fastsetting av eigedomsgrenser og vernegrenser for naturreservat. Jordskifteretten har i jskl. § 4-2 bokstavane a) og f) heimel til å fastsette slike grenser.

Når fastsetting av grense bygger på semje, skal retten utarbeide eit skriftleg forslag til dom, jf. jskl. § 6-22.

Partane fekk forkynt forslag til dom 21.09.2016 med frist til 12.10.2016 for å uttale seg til forslaget. Ingen av partane har kome med merknader.

Retten ser saka slik:

Grensene blei synfart med partane og merka opp i samsvar med semje mellom desse. Retten legg dette til grunn og fastsett grensene slik:

Grense 1, vernegrense

Eigedom til venstre: Gnr. 62 bnr. 4, verna område
på nord-nordvestre side

Eigedom til høgre: Gnr. 62 bnr. 4
på sør-søraustre side

Grensa tek til i delet mot Metveit øvre, gnr. 65 bnr. 4, i punkt 37 og går i rett line frå punkt til punkt gjennom punkt 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16 og 17 til 18, der Graver øvre, gnr. 60 bnr. 1, støyter til og grensa endar

Grense 2, eigedomsgrense og vernegrense frå punkt 18 til 25

Eigedom til venstre: Gnr. 62 bnr. 4, Bondal nordre, eigar Sigurd Mjaaland
på søndre side

Eigedom til høgre: Gnr. 60 bnr. 1, Graver øvre, eigar Halvor Graver
på nordre side

Eigedomsgrensa tek til i punkt 40, og går i rett line frå punkt til punkt gjennom punkt 41 til 18, der verneområdet støyter til, og går vidare som eigedomsgrense og verneområdegrense gjennom 19, 20, 21, 22, 23 og 24 til 25, der Metveit øvre, gnr. 65 bnr. 1, støyter til og grensa endar

Grense 3, eigedomsgrense og vernegrense

Eigedom til venstre: Gnr. 62 bnr. 4, Bondal nordre, eigar Sigurd Mjaaland
på søraustre side

Eigedom til høgre: Gnr. 65 bnr. 1, Metveit øvre, eigar Gunleik Metveit
på nordvestre side

Grensa tek til i delet mot Graver øvre, gnr. 60 bnr. 1, i punkt 25 og går i rett line frå punkt til punkt gjennom punkt 26, 27, 28, 29, 30, 31, 32 og 33 til 33A, om lag der Metveit øvre, gnr. 65 bnr. 4, støyter til og grensa endar

Grense 4, eigedomsgrense og vernegrense

Eigedom til venstre: Gnr. 62 bnr. 4, Bondal nordre, eigar Sigurd Mjaaland
på aust-søraustre side

Eigedom til høgre: Gnr. 65 bnr. 4, Metveit øvre, eigar Ingebrett Gaaren
på vest-nordvestre side

Grensa tek til i delet mot Metveit øvre, gnr. 65 bnr. 1, om lag ved punkt 33A og går i rett line frå punkt til punkt gjennom punkt 34, 35 og 36 til 37 der vernegrensa endar. Eigedomsgrensa held vidare fram etter gamle merke urørde av denne saka.

Slutning

Grensene vert fastsett slik det går fram av grenseskildringa og slik dei er avmerkte på grensekartet.

21.11.2016


Gunnar Bjerke Osen



ØVRE TELEMARK JORDSKIFTERETT

JORDSKIFTEAVGJERD

Dato: 30.11.2016

Stad: Jordskifterettens kontor i Statens hus i Kviteseid

Sak: 16-032998RFA-JKVI Brårfjell naturreservat

Saka gjeld: Merking og innmåling av Brårfjell naturreservat

Rettsleiar: jordskiftedommar Gunnar Bjerke Osen

Partar	Prosessfullmektigar	Kommune	Gnr.	Bnr.
Halvor Graver		Fyresdal (0831)	60	1
Sigurd Mjaaland		Fyresdal (0831)	62	4, 5
Gunleik Metveit		Fyresdal (0831)	65	1, 2
Ingebrett Gaaren		Fyresdal (0831)	65	4
Fylkesmannen i Telemark				

Grenser

Grensemerka er boltar/røyr av aluminium med hovud.

- Vernegrensemerke er vernemyndigheten sitt grensemerke som på eine sida har påskrifta "GRENSE" og på andre sida "MILJØVERNDEP." og "VERNEOMRÅDE"
- "JSR bolt" har på eine sida har påskrifta "GRENSE" og på andre sida "JORDSKIFTERETTEN".

Koordinatsystem: Euref 89, sone 32. Grunnlag GPS-måling: Statens Kartverk, CPOS referansenettverk.

Merka grensepunkt er koordinatfesta med satelittbasert måleutstyr (GNSS) og oppgjevne koordinatar (x, y) er i meter. Koordinatane gjev ei eintydig plassering, x = nord/sør og y = aust/vest.

Koordinatane har ei nøyaktighet tilsvarende områdetype 1, det vil seie forventa presisjon betre enn 0,1 meter.

Dei oppgjevne avstandane er horisontale mål i meter. Retningane er i høve til kart nord med sirkelen delt i 400 gon. Dette gjev nord = 0^g, aust = 100^g, sør = 200^g og vest = 300^g. Om ikkje anna er presisert, går grensene i rette linjer mellom grensepunkta.

Berre dei grensene som er skildra i denne grenseskildringa blir fastsette med rettsleg bindande verknad i denne saka. Andre grenser som er lagt inn på kartet er teke ut frå det digitale eigedomskartet, og er ikkje behandla av jordskifteretten i denne saka.

Venstre og høgre i grenseskildringa nedanfor, er i forhold til retninga grensa har frå startpunkt til endepunkt.

Grensene er lagde av på kart i målestokk: 1 : 5 000. Kartet har arkivnr. 16-032998RFA-JKVI.

I samsvar med dom avsagt 21.11.2016 er følgjande grense fastlagd:

Grense 1, vernegrense

Eigedom til venstre: Gnr. 62 bnr. 4, Bondal nordre, **verna område**, eigar Sigurd Mjaaland på nord-nordvestre side

Eigedom til høgre: Gnr. 62 bnr. 4, Bondal nordre, eigar Sigurd Mjaaland på sør-søraustre side

Punktnr	Skildring	Retning	Avstand	X-koordinat	Y-koordinat
Grensa tek til i delet mot Metveit øvre, gnr. 65 bnr. 4, i punkt					
37	JSR bolt i visaren i gml deild			6567061,38	440253,60
		81,47	28,40		
1	Vernegrensemerke nedst i berg			6567069,53	440280,81
		81,59	102,03		
2	Vernegrensemerke i bergnabbe			6567098,63	440378,60
		81,51	160,35		
3	Vernegrensemerke nedst i skrått berg			6567144,55	440532,24
		81,50	134,09		
4	Vernegrensemerke i stein mellom fleire store steinar			6567182,97	440660,71
		33,43	63,79		
5	Vernegrensemerke i steinblokk nedst i grov ur			6567238,17	440692,68
		33,39	125,25		
6	Vernegrensemerke i stor stein over liten bekk, 7 m nedom kampestein			6567346,58	440755,39
		76,19	101,80		
7	Vernegrensemerke i liten bergknatte i bratt li			6567383,77	440850,16
		76,18	200,21		
8	Vernegrensemerke i 0.5 m høg stein			6567456,93	441036,53
		74,72	62,91		
9	Vernegrensemerke i stor, flat stein oppå bratt ufs			6567481,25	441094,54

		391,95	66,62		
10	Vernegrensemerke i jord oppå vegskråning over slepe			6567547,34	441086,14
		391,98	163,54		
11	Vernegrensemerke i jord i øvre kant av slepe			6567709,59	441065,59
		391,45	53,44		
12	Vernegrensemerke i spiss stein i ur under høg fjellvegg			6567762,54	441058,43
		76,66	155,81		
13	Vernegrensemerke i ope berg			6567818,40	441203,89
		76,67	271,28		
14	Vernegrensemerke i nedgrodd berg			6567915,62	441457,15
		76,67	100,12		
15	Vernegrensemerke i stein i austre kant av sti/scooterløype ca 40 m ovom bru			6567951,49	441550,63
		8,93	75,04		
16	Vernegrensemerke i stor stein ved bekken			6568025,79	441561,12
		300,76	161,62		
17	Vernegrensemerke i skrått berg 1 m nedom sti og 10 m frå bekken			6568027,71	441399,51
		334,10	79,68		
18	JSR bolt i jordfast stein ca 5 m frå bekken, der Graver øvre, gnr. 60 bnr. 1, støyter til og grensa endar			6568068,38	441330,99

Grense 2, eidedomsgrense og vernegrense frå punkt 18 til 25

Eigedom til venstre: Gnr. 62 bnr. 4, Bondal nordre, **verna område**, eigar Sigurd Mjaaland på søndre side

Eigedom til høgre: Gnr. 60 bnr. 1, Graver øvre, eigar Halvor Graver på nordre side

Punktnr	Skildring	Retning	Avstand	X-koordinat	Y-koordinat
Eigedomsgrensa tek til i punkt 40					
40	Gamal urørd deild, 4 m frå bekk			6568076,68	441539,90
		293,85	121,77		
41	JSR bolt i fjell ved gml deild utpå bergskrent			6568064,93	441418,69
		302,50	87,77		
18	JSR bolt i jordfast stein ca 5 m frå bekken, der verneområdet tar til på venstre side			6568068,38	441330,99

		302,47	127,54		
19	JSR bolt i fjell i gml deild (røys)			6568073,32	441203,54
		309,15	56,58		
20	JSR bolt i fjell i gml deild			6568081,42	441147,55
		289,08	98,43		
21	JSR bolt i stein i vestre kant av myrdrag opp frå Gluggvardetjønna			6568064,62	441050,56
		289,08	76,48		
22	JSR bolt i fjell i gml deild			6568051,57	440975,20
		299,75	100,51		
23	JSR bolt på flatt berg 8 m aust for myrrenne			6568051,17	440874,70
		293,37	53,30		
24	JSR bolt i fjell oppå bergrist			6568045,62	440821,69
		293,34	81,40		
25	JSR bolt på kampestein i myrrenne, der Metveit øvre, gnr. 65 bnr. 1, støyter til og grensa endar			6568037,13	440740,73

Grense 3, eigedomsgrense og vernegrense

Eigedom til venstre: Gnr. 62 bnr. 4, Bondal nordre, **verna område**, eigar Sigurd Mjaaland på søraustre side

Eigedom til høgre: Gnr. 65 bnr. 1, Metveit øvre, eigar Gunleik Metveit på nordvestre side

Punktnr	Skildring	Retning	Avstand	X-koordinat	Y-koordinat
Grensa tek til i delet mot Graver øvre, gnr. 60 bnr. 1, i punkt					
25	JSR bolt på kampestein i myrrenne			6568037,13	440740,73
		220,91	59,69		
26	JSR bolt oppå flat fjellrist			6567980,63	440721,48
		274,29	107,99		
27	JSR bolt i liten stein i austre kant av myr			6567938,19	440622,18
		274,06	119,32		
28	JSR bolt i fjell			6567890,91	440512,63
		225,57	55,00		
29	JSR bolt i fjell			6567840,29	440491,12
		230,05	63,59		
30	JSR bolt i fjell			6567783,65	440462,20
		225,94	85,11		

31	JSR bolt i fjell utpå bergpynt			6567705,51	440428,47
		225,99	137,66		
32	JSR bolt i fjell			6567579,16	440373,82
		188,52	149,74		
33	JSR bolt i fjell utpå bergpynt			6567431,84	440400,68
		226,98	26,30		
33A	Umerket grensepunkt i bratte ufsa, om lag der Metveit øvre, gnr. 65 bnr. 4, støyter til og grensa endar			6567407,87	440389,87

Grense 4, eigedomsgrense og vernegrense

Eigedom til venstre: Gnr. 62 bnr. 4, Bondal nordre, **verna område**, eigar Sigurd Mjaaland på aust-søraustre side

Eigedom til høgre: Gnr. 65 bnr. 4, Metveit øvre, eigar Ingebrett Gaaren på vest-nordvestre side

Punkt nr	Skildring	Retning	Avstand	X-koordinat	Y-koordinat
Grensa tek til i delet mot Metveit øvre, gnr. 65 bnr. 1, om lag ved punkt 33A					
33A	Umerket grensepunkt i bratte ufsa			6567407,87	440389,87
		226,98	251,97		
34	JSR bolt i bratt svaberg			6567178,19	440286,25
		226,95	45,50		
35	JSR bolt i fjell i gml deild øvst i svaberg			6567136,71	440267,57
		212,05	47,10		
36	Krosshogd gml deild			6567090,46	440258,70
		211,06	29,52		
37	JSR bolt i visaren i gml deild, der vernegrensa endar. Eigedomsgrensa held fram etter gamle merke urørd av denne saka			6567061,38	440253,60

Sakskostnader til jordskifteretten

Saka kostar:

Inngangsgebyr	kr	5.125
Partsgebyr	kr	10.250
Grenselengdegebyr	kr	18.450
Grensemerke	kr	2.700
Sum	kr	36.525

Kostnadene med grensefastsetting knytt til frivillig vern skal dekkast av Fylkesmannen.

Jordskiftekostnadene skal etter dette betalast slik:

Gnr/bnr	Eigar	Skal bet.	Har bet.	Skuldar
---	Fylkesmannen i Telemark	36.525	5.125	31.400

Faktura blir sendt frå Domstoladministrasjonen. Betalingsfristen er påført fakturaen. Skuldige kostnader som ikkje blir betalt innan denne fristen, kan tvangsinn drivast utan nærare varsel.

Rettsmiddel

Jordskifteretten si avgjerd kan ankast etter reglane i jordskiftelova kapittel 8. Ankefristen er ein -1- månad rekna frå forkynningsdatoen.

Tinglysing og matrikkelføring

Når saka er rettskraftig vil avgjerda bli tinglyst på følgjande eigedomer:

Kommune	Gnr.	Bnr.
Fyresdal (0831)	60	1
Fyresdal (0831)	62	4
Fyresdal (0831)	62	5
Fyresdal (0831)	65	1
Fyresdal (0831)	65	2
Fyresdal (0831)	65	4

Fastlagde grenser blir rapporterte til matrikkelførar i Fyresdal kommune.

Forkynning

Avgjerda blir forkynt pr. post med mottakskvittering.











Sak 16-032998RFA-JKVI Brårfjell naturreservat er med dette avslutta.


Kviteseid, 30.11.2016



Gunnar Bjerke Osen

FORKLARING

-  Verneskiilt
-  Grensestein
-  Umerka grensepunkt (4056)
-  Jordmerke
-  Grensestein m/kors
-  Bolt i fjell
-  Bolt i stein
-  Eigedomsgrense
-  Vernegrense
-  Verneområde



ØVRE TELEMARKE JORDSKIFTERETT
 Grensekart over
BRÅRFJELL NATURRESERVAT
 i Fyresdal kommune



SAK NR. 16-032998RFA-JKVI
 Avslutta 30.11.2016
 Blad 1 av 1
 Saka gjeld gnr. 60, 62, 65
 Teknisk saksbehandlar -
 Overing. Bjørgulf Ruud